

Åleine på toppen

■ **LOKALTIPSET:** Øyvind Svardal (Bergen) leiar Lokal-tipset samanlagt med 80 poeng. Terje Klokkesnes Jahn (Oslo) og Ken Henry Høgi (Skedsmokorset) følg på plassane bak med eit poeng mindre. Snorre Klungsoyr (Florø) og Rune Vossseteig (Førde) har begge 78 rette.



Ikkje alvorleg skade

■ **FOTBALL:** Håvard Flo (biletet) strekte leddbandet i kneet i første omgang mot Iromsdalen søndag, og måtte forlate bana. Skaden er ikkje alvorleg, og Flo er dermed disponibel til kamp mot Haugesund 22. juli.

Fekk plass i U23-troppen

■ **FOTBALL:** Siri Nordeide Grønli frå Høyanger fekk plass i den norske U23-troppen til det ope nordiske meisterskapet i Finland 18-24 juli. Til dagleg spelar Grønli fast på Asker i Toppserien.

Lokale motbakkeløp er nasjonale førebilete

■ Prestegård meiner Storehesten har Skåla-potensial



FYRTÅRN: Storehesten vert nemnd i same andedrag som Skåla i motbakkeløp. Her er Sindre Hoff på veg i mål på laurdag, med nokre av dei mange tilskodarane i bakgrunnen.

Foto: Rune Fossum

MOTBAKKELØP: Norge ser til Storehesten og Skåla når dei skal arrangere motbakkeløp. Dei lokale løpa har blitt førebilete i den nye farsotten.

RUNE FOSSUM tekst

– Ein kan ikkje be om meir: Orda strekk ikkje til, seier Christian Prestegård.

Motbakkegeneralen var over seg av begeistring over suksessen til Storehesten Opp. Han var sjolv på toppen, og fekk sjå det enorme fugleberget av deltakarar.

Tett oppunder 1000 menneske fann vegen til topps på det majestetiske fjellet.

– Eg såg allereie i fjor moglegheita for å lage noko røtt her. Storehesten er ein parallell til Skåla, og har det same potensialet, meiner Prestegård.

Takla andreåret

Han trekkjer fram Sogn og Fjordane som føregangsfylket innan det han kallar ei ny norsk «folkerørsle».

– Dei tre fyrtråna er Skåla, Storehesten og Fanaråken – eitt fjell i kvar region.

– Suksesskonseptet er å la mosjonistane starte først. På den måten vert det mykje folk på toppen, når konkurranse-

loparane kjem, seier Prestegård.

– Dette er det nærmaste eg kjem himmelen, gliser han.

Skåla Opp har framleis deltakarrekorden på 1280 frå 2006. Den kan fort ryke i årets arrangement i midten av august.

Storehesten Opp-arrangørane er strålende nøgde med oppslutnaden. Dei hadde frykta effekten av det vanskelege andreåret, men fekk fullklaff igjen.

– No har vi fått bevis for at det er stor interesse for dette arrangementet, seier Helge Kårstad.

Rettar seg mot nabofylket

Storehesten Opp vert NM i motbakkeløp neste år, og arrangementet vil såleis få mykje gratis.



NØGD: Christian Prestegård var eit einaste stort smil på toppen av Storehesten. Foto: Rune Fossum

Truleg stiller minst 300-400 løparar på startstreken med nummer på brystet.

I år var det tilsvarande talet på 125 konkurranseløparar.

– Korleis skal de utvikle dette vidare?

– Nøkkelen blir å marknadsføre oss meir utanfor Sogn og Fjordane. Skal vi klare å halde oss mellom 1000 og 1500 deltakarar, må vi få med oss breidda også andre stader, meiner Kårstad.

Han varslar meir fokus mot Bergen, og gjerne også meir samarbeid med Reisemål Sunnfjord.

– Vi kan ikkje slå oss til ro med årets suksess, smiler Kårstad.